



## Møteprotokoll for Utval for areal, plan og miljø

**Møtedato:** 10.11.2021  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Mongstad  
**Møtetid:** 09:00 - 11:05

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jon Vidar Sakseide	KRF	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Utvalsleiar
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jogeir Romarheim	KRF	Nestleiar
Sveinung Toft	V	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Rikke Slaatten Nordal	KRF	Jogeir Romarheim

Følgjande frå administrasjonen møtte: Are Frøysland Grande-avdelingsleiar Plan og byggesak, Eirik Berntsen-avdelingsleiar Miljø og tilsyn, Laila Bjørge-rådgjevar Landbruk, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Merethe Tvedt-rådgjevar Planforvaltning, Mikkel Bengtsson-rådgjevar Landbruk, Siril Sylta-tenesteleiar Arealforvaltning, Tone Margrethe Furustøl-rådgjevar Miljø og tilsyn, Trude Langedal-rådgjevar Plan og analyse, Nora Gjerde-politisk sekretariat

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
154/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
155/21	Godkjenning av møteprotokoll
156/21	Delegerte saker

- 157/21 Ny lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune.
- 158/21 3 gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Manger sentrum aust. PlanID 12602018000300
- 159/21 Dispensasjon frå arealformål - gbnr 1/6 Flatøy
- 160/21 Klage på vedtak om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge med utriggarar - gbnr 102/6 Vabø
- 161/21 Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av bustad - gbnr 305/83 Fløksand
- 162/21 Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - gbnr 58/151 Lygre indre
- 163/21 Klage på vedtak om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - gbnr 323/3 Frekhaug
- 164/21 Klage på vedtak om konsesjon på vilkår for overtaking av eigedom - gbnr 219/1 Vike
- 165/21 Meldingar og orienteringar til APM - 10.11.2021

#### **154/21: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### **Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

##### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

##### **APM- 154/21 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### **155/21: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

**Behandling:**

Merknad til møteprotokoll 13.10.2021 sak 147/21 Våge. Utval for areal, plan og miljø ynskjer saka tilbake for klargjering, slik at ingenting i vedtaket kan misforståast.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

**APM- 155/21 Vedtak:**

Møteprotokollen frå møte - 13.10.2021 med merknad, vert godkjent.

**156/21: Delegerete saker**

Meldinga vert teke til orientering

**Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

**Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**APM- 156/21 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**157/21: Ny lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune.**

**Saka vert lagt fram til drøfting.**

Forslag til ny lokal forskrift for minsteareal for hjort i Alver kommune til presentasjon for Utval for areal, plan og miljø. Samstundes oversikt over kva ekstraordinære tiltak som har vore iverksett.

**Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Mikkel Bengtsson-rådgjevar Landbruk

Saka vart teke til orientering, samrøystes.

**APM- 157/21 Vedtak:**

Saka vart teke til orientering.

**158/21: 3 gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Manger sentrum aust. PlanID 12602018000300**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Manger sentrum aust, planID 12602018000300, som vist på plankart sist datert 15.9.2021 og med føresegner av revisjonsdato 15.9.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

**Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 158/21 Vedtak:**

**Innstilling i APM - 10.11.2021:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Manger sentrum aust, planID 12602018000300, som vist på plankart sist datert 15.9.2021 og med føresegner av revisjonsdato 15.9.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

**159/21: Dispensasjon frå arealformål - gbnr 1/6 Flatøy****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for Flatøy vest. Dispensasjonen vert gjeve for oppretting av ny grunneigedom som omsøkt, ikkje for andre tiltak på eigedomen. Det vert vidare gjeve dispensasjon frå bygge- og deleforbod i strandsona, jf.§ 1-8.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

**Bakgrunn****SAKSUTGREIING**

Sjå vedlegg.

**Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:****Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 159/21 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for Flatøy vest. Dispensasjonen vert gjeve for oppretting av ny grunneigedom som omsøkt, ikkje for andre tiltak på eigedomen. Det vert vidare gjeve dispensasjon frå bygge- og deleforbod i strandsona, jf.§ 1-8.

## **160/21: Klage på vedtak om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge med utriggarar - gbnr 102/6 Vabø**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 21/2178 med saknr. 132/21, datert 01.09.2021, vert gjort om. Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge på 2x7 meter med landgang på ca. 6 meter med utriggarar – gbnr 102/6 Vabø.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

#### **Behandling:**

#### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 132/21 datert 01.09.2021 vert oppretthalde.

APM-utvalet kan ikkje sjå at det er kome nye opplysningar i saka. Utvalet har hatt ei grundig gjennomgang og sakshandsaming i saka og kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å gjere om vedtaket.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 160/21 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 132/21 datert 01.09.2021 vert oppretthalde.

APM-utvalet kan ikkje sjå at det er kome nye opplysningar i saka. Utvalet har hatt ei grundig gjennomgang og sakshandsaming i saka og kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å gjere om vedtaket.

## **161/21: Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av bustad - gbnr 305/83 Fløksand**

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/18341 med saknr.120/21, datert 01.09.2021, vert gjort om. Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

#### **Behandling:**

#### **Fellesframlegg frå APM:**

Klagen vert ikkje teke til følgje, og vedtak i sak 20/1 8341 med saknr. 120/21 , dagsett 01 .09.2021 vert ikkje gjort om.

#### **Grunngjeving:**

Utval for areal, plan og miljø meiner at klagen dagsett 28.09.2021 ikkje inneheld nye moment som gjev grunn til å endra på det samrøystes vedtaket gjort i utvalet den 01.09.21.

Etter ei samla og heilskapeleg vurdering meiner APM-utvalet framleis at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2, og at ved å stilla vilkår vart dette styrka.

Utvalet kan heller ikkje sjå at omsyna som ligg nedfelt i kommuneplanen vert vesentleg tilsidesett ved å gje dispensasjon for omsøkt einebustad, og viser til dei punktvisse grunngjevingane gjort i vedtaket i sak 120/21.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 161/21 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje, og vedtak i sak 20/1 8341 med saknr. 120/21 , dagsett 01 .09.2021 vert ikkje gjort om.

#### **Grunngjeving:**

Utval for areal, plan og miljø meiner at klagen dagsett 28.09.2021 ikkje

inneheld nye moment som gjev grunn til å endra på det samrøystes vedtaket gjort i utvalet den 01.09.21.

Etter ei samla og heilskapeleg vurdering meiner APM-utvalet framleis at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2, og at ved å stilla vilkår vart dette styrka.

Utvalet kan heller ikkje sjå at omsyna som ligg nedfelt i kommuneplanen vert vesentleg tilsidesett ved å gje dispensasjon for omsøkt einebustad, og viser til dei punktvisse grunngjevingane gjort i vedtaket i sak 120/21.

## **162/21: Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - gbnr 58/151 Lygre indre**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 21/2160 med saknr. 131/21, datert 01.09.2021, vert gjort om. Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad – gbnr 58/151 Lygre indre.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

#### **Behandling:**

#### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

Saka blir utsatt til neste møte. APM-utvalet ber administrasjonen om at det blir tatt dronefoto av eigedommen, både frå land og frå sjø innover mot land. Evt må utvalet på fysisk synfaring i båt, slik at me får eit godt grunnlag for å behandle klagen frå Statsforvaltar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.



### **APM- 162/21 Vedtak:**

Saka blir utsatt til neste møte. APM-utvalet ber administrasjonen om at det blir tatt dronfotograf av eigedomen, både frå land og frå sjø innover mot land. Evt må utvalet på fysisk synfaring i båt, slik at me får eit godt grunnlag for å behandle klagen frå Statsforvaltar.

### **163/21: Klage på vedtak om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - gbnr 323/3 Frekhaug**

#### **RÅDMANNEN SIIT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 21/155 med saknr. 1221/21, datert 01.09.2021, vert gjort om. Det vert ikkje gjeve dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom – gbnr 323/3 Frekhaug.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

#### **Behandling:**

#### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

Klagen vert ikkje teke til følgje. APM – utvalet har fatta positivt vedtak i denne saka (sak 122/21) den 01.09.21 etter synfaring og grundig sakshandsaming i møte. Vedtaket vart samrøystes. Grunngjevinga kjem fram i saka. Utvalet kan ikkje sjå at klagar(Statsforvaltar) kjem med nye opplysningar som skulle tilseie at utvalet gjer om dette vedtaket. Vedtaket blir såleis ståande og sendt til settestatsforvaltar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **APM- 163/21 Vedtak:**

Klagen vert ikke teke til følgje. APM – utvalet har fatta positivt vedtak i denne saka (sak 122/21) den 01.09.21 etter synfaring og grundig sakshandsaming i møte. Vedtaket vart samrøystes. Grunngevinga kjem fram i saka. Utvalet kan ikkje sjå at klagar(Statsforvaltar) kjem med nye opplysningar som skulle tilseie at utvalet gjer om dette vedtaket. Vedtaket blir såleis ståande og sendt til settestatsforvaltar.

## **164/21: Klage på vedtak om konsesjon på vilkår for overtaking av eigedom - gbnr 219/1 Vike**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 21/6260, med saknr. 130/21, datert 01.09.2021, vert i tråd med innhaldet i vedtaket og klagars tilbakemelding om at han ikkje vil avstå landbruksareala på eigedomen frivillig til naboeigedom i aktiv drift, endra frå konsesjon på vilkår til avslag på konsesjon for eigedomen.

Landbruksareala til gbnr 219/1 avstås til naboeigedom i aktiv drift - gbnr 219/2 til landbrukstakst. Frist for avståelse vert satt til ni månader etter endeleg vedtak i saka.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. konsesjonslova §§ 1,9 og 11.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

#### **Behandling:**

Vigdis Villanger-Sp stilte spørsmål om sin habilitet i saka, jf. forvaltningsloven § 66, 2. ledd. Utvalet vurderte henne samrøystes som inhabil og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (Jon Vidar Sakseide-Krf, Rikke S. Nordal-Krf, Anne Grete Eide-Ap, Ståle Hopland-Uavh, Kenneth Murberg-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Heine Fyllingsnes-H)

#### **APM- 164/21 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 21/6260, med saknr. 130/21, datert 01.09.2021, vert i tråd med innhaldet i vedtaket og klagars tilbakemelding om at han ikkje vil avstå landbruksareala på eigedomen frivillig til naboeigedom i aktiv drift, endra frå konsesjon på vilkår til avslag på konsesjon for eigedomen.

Landbruksareala til gbnr 219/1 avstås til naboeigedom i aktiv drift - gbnr 219/2 til landbrukstakst. Frist for avståelse vert satt til ni månader etter endeleg vedtak i saka. Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. konsesjonslova §§ 1,9 og 11.

#### **165/21: Meldingar og orienteringar til APM - 10.11.2021**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

#### **Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**

##### **Behandling:**

Følgjande meldingar og orienteringar vart lagt fram i møtet:

1. Status E-39 v/Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse
2. Informasjon om planarbeid fv. 565 ny Alversund bru v/Ingar Hals og Henrik H. Espelund frå Vestland fylkeskommune
3. Status reguleringsplaner under arbeid v/Merethe Tvedt-rådgjevar Planforvaltning
4. Landbruksfagråd v/Laila Bjørge-rådgjevar Landbruk. Meldinga vert teke til orientering med tillegg at Radøy bonde- og småbrukarlag vert tekne med i lista over medlemmar under punkt 4.

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes.

**APM- 165/21 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.